



Kristian Olav Bringedal og Jan Erik Olsson engasjerer seg sterkare i UU

Kristian Olav Bringedal overtok under årsmøtet i Gamleskulen i kveld leiinga i Uskedalen Utvikling etter Asbjørn Olsen. Jan Erik Olsson var også på val i styret og vart attvald og det betyr at to av dei verkelege veteranane i UU går sterkare inn i organisasjonen.

Bringedal seier til uskedalen.no at oppbygging av organisasjonen vil stå sentralt og ellers vil han ha rutiner prega av streng disiplin. Asbjørn Olsen og Oddbjørn Kroka gjekk ut av styret og Camilla Jensen, Erlend Bjørnebøle og Berit Harriet Døssland var ikkje på val. Alf Hjørnevåg blir ansvarleg for rekneskap.

- Hvis ein veit at vedkommande har problem med å møta fram skal ho eller han seia nei. Eg maser ikkje på folk, sa den nye leiar. Han kjem til å satsa på faste møtedagar og vil leggja stor vekt på at arbeidsgruppene skal fungera.

Den nye leiar presenterte den lange lista han laga ved nyttår over tiltak som er gjennomført eller skal gjennomførast og kommenterte ho slik: - Det blir av og til sagt at det skjer så lite her, Men det er ikkje mange bygder som kan presentera noko lignande.

Eit av dei viktige punkta på lista er renoveringa av skulen og medlem av formannskapet Kjell Yri (V) slo etter fersk kontakt med sentrale politikarar og rådmannen fast at prosjektet ligg fast med omsyn til framdrift. Det er med andre ord ikkje naudsynt å frykta utsetjing på grunn av anstrengt økonomi.

Eit problem som vart presentert var pyntinga med blomar langs hovudvegen. Dei som har hatt ansvaret for dette tek til å bli slitne og ønskjer avløyning i ein eller annan form. På dette møtet vart det ikkje funne nokon samla løysing. Det vart også etterlyst ein form for erstatning av dei gamle og flotte velkomstplakatane som har vore sakna av mange.

Arbeidsplanen for det nye året inneheld mellom anna, oppgradering

av leikeapparatane ute og ferdigstilling av kjøkenet i Gamleskulen. Arrangement av strikkekafe skal halda fram men det er nytt at det skal arrangerast datakurs for seniorar. Driften av Tlaren og nettsida er også viktige punkter .

I årsmeldinga blir dei 25 dugnadsdamene som driv Tlaren gjeve ros for god drift etter ein salsauke frå 48 000 til 65 000 Nettsida passerer snart 7000 saker etter knapt 6 års drift i noverande drakt og driftsopplegg og i snitt ligg besøkstalet rundt 1500.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen